

# Folkestadåsane



Folkestadåsane er namnet på dei låge skogåsanemellom Folkestadgrenda og Hørteelva. Åsane har glissen furuskog, flate berg, runde åsryggar, store myrar og to fine tjønner. Høgdeforskjellane er små. Dei lett-gåtte stiane gjer dette til eit turområde som passar for alle, både liten og stor, gammal og ung.

## Turane

Frå informasjonstavlene ved Dansarberga og Mogan går det merkte stiar opp til Trytetjønnane. Der er det fine rasteplassar. Herifrå kan ein gå vidare mot Hørteelva, eller ta ein annan sti tilbake til utgangspunktet. Stiane nord på Folkestadåsane er godt merkte og skilta og gir vandraren valet mellom fleire fine turar. Hovudstiane her er "Trytetjønnvegen" og "Postkasse-vegen", som er gamle vegfar på tvers av åsane.

Også sørover på åsane er det fine stiar, ikkje minst "Flatlandvegen" og stiane mot Åskollen, men desse er ikkje merkte. På Åskollen har du fin utsikt mot Sauherad og Norsjø.

## Hørteelva

Hørteelva byr på fine naturopplevingar og bademulegheiter. Lengst i nord på kartet finn vi Høgfosskåsa med Høgefoss. Dette er den høgaste fossen i elva. Lenger nede ved Brukåsa er det fine svaberg. Nedanfor Ølsbru finn vi Langefoss med fine berg og jettegryter, eit eldorado for dei som øskjer eit bad. Ved Hørteelva støyter vi på "Grøne gangar" som er ein merkte sti langs elva. Frå Ølsbru kan ein og slå inn på det gamle vegfaret forbi Vermelia til Lauvtjønn på Roheimheia.

## Kulturminne

På Bekkekollen sør for Åskollen ligg murane etter ei gammal bygdeborg frå folkevandringstida. Sør for Fuglemyrane ligg Svenkes heller, Svenke var fredlaus og skjulte seg der. Mat røva han i bygda. Ei anna historie fortel at det var ein svenske som heldt til i helleren. Han hadde forelska seg i ei vakker jente frå Folkestadgrenda.

Ved Torvmyra fortel spor i myra om uttak av torv til strø for husdyr. Torvhytta var ei enkel bordhytte der dei lagra torva etter at ho hadde tørka.

Husmannsplassane ved Hørteelva blei rydda på 1800-talet av arbeidsfolk frå Hørteverket. I dag er dei fleste plassane borte, og det er bare tuftene og rydningsrøysene som vitnar om slitet på plassane. Frå Fykerudplassen kom storspelemannen Lars Fykerud. Tamburkåsa fortel at der budde ein tambur, militær trommeslagar.



Åpen glissen furuskog er typisk for Folkestadåsane.  
(Foto Arne Hjeltnes)

## Fugleliv

Trepiplerka, ein karakterfugl i skrinn furuskog, er typisk for Folkestadåsane. Fuglen er dagaktiv og har ein kraftig song som høyrest vidt omkring. Når han flyg ut frå furutoppene, kan du høre ei lang rekke triller med aukande takt mot slutten av songen. Om våren vil ein ofte kunne høre orren buldre, og kanskje vil også den større tiuren bryske seg på myrane.

Folkestadåsane er einaste staden i Bø der ein kan vere heldig å treffe på den litt mystiske, nattaktive natterammen. Duetrosten, den største og sjeldnaste av trostefuglane, kan ein også få auge på her inne.



Halvor ved bålvarmen ein fin haustdag.  
(Foto Arne Hjeltnes)

**Turlengd:** Kan varierast. Til Trytetjønn er det om lag 2 km. Til Hørteelva ca 3 km.

**Høgdeforskjell:** Om lag 60 meter.

**Vanskegrad:** Lett småkupert terreng, passar for alle.